



Reguleringsplan for Meland kyrkjegard

Saksgang

Hordaland fylkeskommune fremma motsegn til omlegging av Bjørnestadvegen (vegen som går på tvers øvst i kartutsnittet). Etter to rundar med dialogmøter mellom Meland kommune og Hordaland fylkeskommune, vart ein ikkje semje om ein løysning til plassering av Bjørnestadvegen. Saken ble vidaresendt til fylkesmannen. Eit meklingsmøte mellom Meland kommune og Hordaland fylkeskommune med fylkesmannen som mekler i saken blir tidlegast gjennomført januar 2020. Kjem ein ikkje fram til ein løysning om plasseringa av Bjørnestadvegen i meklingsmøte, vil fylkesmannen vidaresenda saken til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. KMD avgjer om ein får lov å leggje om Bjørnestadvegen eller ikkje. Saksbehandlinga hos KMD kan ta opp til eit år. Dvs. at i årsskiftet 2020-2021 vil ein fyrst få vite om planforslaget må endrast i høve til KMD si avgjersla, eller om planforslaget kan vedtaks slik den er no. Endeleg behandling av planforslaget vert ila våren 2021.



Figur 1: Til venstre: Utsnitt frå foreslått plankart, datert 2019. Til høgre gjeldande plankart frå 1992



Figur 2: Plassering av brakke for søndagsskule

Ynskje plassering av brakke ligg etter gjeldane reguleringsplan frå 1992 i område avsett til offentlege bygningar og i område avsett til parkering. Parkeringsplassen er ikkje opparbeid. Heile området nord for kyrkja er i dag kunn ein gruspass. I høve til noverande planforslag vil brakka vere lokalisert i område o_BNG2. Reguleringsføresegna opnar for følgjande tiltak innanfor o_BNG2:

4.1.3 Naudsynt bygg og anlegg for grav og urnelund (felt o_BNG1 og o_BNG2)

Felt o_BNG1 og o_BNG2 omfattar areal til drift. Areala skal utformast slik at dei framstår som ein del av gravplassen. Ved oppføring av bygg skal storlek og materialbruk tilpassast kyrkja og gravplassområdet elles.

4.1.3.2 o_BNG2

- a. Omfattar eksisterande driftsområde ved kyrkje/gravplass. Det er ikkje tillate med utelagring eller plassering av containerar. Området kan nyttast til parkering for tilsette ved kyrkja og av rørslehemma.
- b. Det er tillate å oppføre eit mindre driftsbygg innanfor feltet. Mindre driftsbygg kan plasserast innanfor byggegrense angitt på plankart datert 18.03.19. Bygget skal vere tilpassa form og farge på kyrkjebygget.
- c. Området skal ha tilkomst frå o_SV1 slik som i dag.

Konklusjon

Kor mykje finansiering som er sikra i gjennomføring av ynskje tiltak i tråd med reguleringsplanforslaget vet eg ikkje. Om midlane inkluderer oppføring av eit permanent mindre driftsbygg innafor o_BNG2 vet eg heller ikkje. Viss dei tilsette ved kyrkja har framtidige planar om å oppføre eit permanent mindre driftsbygg innanfor o_BNG2, vil det etter min vurdering være greitt å gje ein 2 års varig dispensasjon til å oppføre ein mellombels brakke. Tiltaket vil etter min vurdering ikkje kjem i nokon betydeleg konflikt med gjeldane regulering. Tiltaket er ikkje i strid med dagens bruk av område. Når det gjeld dei tekniske krava til brakka i høve til planlagd bruk, er det opp til bygesaksavdelinga hos Meland kommune å vurdere.

I utgangspunktet er plasseringa av brakka i strid med arealformål angitt i gjeldande reguleringsplan for Meland kyrkje frå 1992, uavhengig av dagens bruk av området. Så ein dispensasjonssøknad må behandlast. Sidan planforslaget til reguleringsplan for Meland kyrkjegard ikkje er blitt vedtatt enda, vil utdrag frå T-3/00 *Forvaltning av kyrkje, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø*, vere førande for den vidare saksbehandlinga av dispensasjonsøknaden.

4.2 Bygging i 60-meters sonen i spredtbygd område

Etter kirkeloven § 21 femte ledd, er det forbudt, uten tillatelse fra biskopen, å oppføre bebyggelse nærmere kirke enn 60 meter i spredtbygd område. Dette omfatter også kirkelige bygg og annen bygning på kirkens egen grunn. Enhver planlagt bygning faller innunder bestemmelsen, også bygg under 15 m² som ikke er melde- eller søknadspliktig etter plan- og bygningsloven. Forbudet gjelder uansett kirkens alder. Biskopen skal forelegge saken for riksantikvaren hvis kirkja er bygget i eller før 1850 eller er listeført. Saken kan klages inn for kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet av riksantikvaren, fellesrådet eller andre med rettslig klageinteresse.

Det er ikke avgjørende om kirkja ligger i en landkommune eller bykommune. Med "spredtbygd område" menes område som ikke er bymessig (dvs ikke urbant område).